



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandler, innvalgstelefon  
Ida Skogstad Styrvold, 33372347

## Høyringsfråsegn – søknad om fråvik av manøvreringsreglementet - Lio kraftverk - Tokke kommune

Me syner til brev frå NVE datert 22.03 2024, om ein avgrensa høyringsrunde av søknaden frå Statkraft Energi AS om mellombels løyve til fråvik av manøvreringsreglementet for Lio kraftverk i Tokke komme i Telemark.

### Bakgrunn

NVE har moteke ein søknad frå Statkraft Energi AS om løyve til å fråvike restriksjonane om nedkøyringshastigheita på Lio kraftverk i perioden 06.05.2024 – 08.05.2024. Statkraft skal gjennomføre test av øydrift på Lio, Byrte og Åmdal for å kontrollere om forsyningstryggleiken er ivaretatt. Det har vore feil tidlegare som har medført mørklegging av 66kV og 22kV-nettet grunna feil innstilling av regulatorar. Justeringar som har blitt utført skal nå verifiserast. Dersom det overskridast 5MW produksjon i Lio kraftverk vil det være eit auka sannsyn for brot på konsesjonskrav om nedkøyringshastigheita. I samband med konsesjonskrav knytt til minstevassføring Elvarheim (5m<sup>3</sup>/s), vil tiltak som tapping vurderast i forkant av testen.

### Statsforvaltarens rolle og ansvar

Statsforvaltaren er statens representant i fylket, og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer fra Stortinget og regjeringen følgjast opp. Statsforvaltarens miljøavdeling er sektormyndigheit med forvaltningsoppgåver etter blant anna naturmangfaldlova, forureiningslova, vassressurslova, vassforskrifta og lakse- og innlandsfisklova med forskrifter. Som høyringspart skal me bidra til at nasjonale og regionale føringar blir lagt til grunn i konsesjons- eller revisjonsprosessar.

### Statsforvaltarens vurdering

Tokkeåi renn ut i Dalen i Telemark, og er den viktigaste gyteelva til storauren i Bandak. I Miljødirektoratet sin rapport M-1786 fra 2020 er Bandak med Tokkeåi utpeika som storaurelokaliteter med svært stor verdi og kandidat til nasjonale storaurevassdrag. Vasskraftutbygginga har i stor grad påverka vassdraget negativt, og er ei av årsakene til at storaurebestanden i dag er svært låg.

Det har vore fleire hendingar med utfall og yngeldød i Tokkeåi. I samband med ny konsesjon for Tokke- og Vinje, gjeve ved kongeleg resolusjon 17.juni 2022, er det fastsett krav om minstevassføring på Elvarheim, og at nedkøyringshastigheita i Lio kraftverk frå full drift til full stans ikkje skal



underskride 2 t og 15 min. Restriksjonen kan fråvikas når målt vassføring ved Elvarheim overstig 30 m<sup>3</sup> /s. Statkraft er også pålagt å installere omløpsventil for å sikre nok vassføring i Tokkeåi i tilfelle utfall.

Vassføringa frå Lio kraftverk er svært viktig for vassføringa i dei nedste delane av Tokkeåi, som er dei viktigaste områda for storauren i Bandak. Statsforvaltaren meiner at utfall eller rask nedkøyring av kraftverket vil auke faren for stranding av yngel og fisk, samt andre artar i vassdraget, som vist ved tidlegare hendingar. Me tilrår difor at konsesjonsvilkår, med vassføring og nedkøyringshastighet, skal ivaretas under testingen.

Med hilsen

Grethe Helgås (e.f.)  
direktør

Ida Skogstad Styrvold  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*